

Æresmedlem Vidar Sande

Vidar har i sine tidlegare år hatt ei lang trenargjerning i Symjegruppa. Han trente borna og reiste rundt på stemner med dei. Borna og deira meistring stod i sentrum. Seinare vart han viktig då me på nytt starta oppatt Symjegruppa. Vidar stilte som trenar, og seinare som hjelpetrenar. Han er aldri vanskeleg å be om me er i beit. I haust stod me utan trenar igjen, og på ny hjelpte Vidar oss. Fram til me fekk nye trenarar, og i overgangsfasen, blei han svært viktig. I dag stiller han om me spør han, og det er ufattelag godt å ha han i bakhand.

Vidar er eit "ja-menneske". Han har hjelpt til som startar på alle dei lokale stemna sidan me starta oppatt for over ti år sidan. Han har hjelpt til med opplæring. Til dømes har han lært ungdom frå vidaregåande skule å symje då me blei spurt om å hjelpe, vore med når flyktningane frå Vang kom på besøk, og ikkje minst gjeve råd og støtte til trenarane våre.

Sjølv sym han kvar veke, og han har tatt livredningskurs i regi av Symjegruppa. Derfor har han stilt, og stiller enno som livredningsvakt, om me treng det.

Vida var også svært sentral albingruppa i Jotun. Han var sjølv ein vedig god skikøyrar , men også her la han til rette og hjelpte ungdomar til å bli betre å stå på ski.

Vidar no er blitt pensjonist, men alder til trass, han har alltid ei positiv innstilling. Mange har i dag ikkje tid til frivilleg arbeid på ettermiddagane. Men er Vidar i bygda, så stiller han! Og han er heldigvis som oftast heime! IL Jotun har mykje å takke han for! Ikkje minst når ein tenkjer på kor mange som har lært å symja på grunn av han. Vidar har tidlegare fått bragdstaupet. Me tykkjer det er på høg tid at Vidar blir heidra for sin livsviktige og lange innsats for borna i idrettslaget. Me ynskjer derfor at Vidar Sande skal bli æresmedlem i IL Jotun.

Mvh
Symjegruppa i IL Jotun
v/Ingeborg Hjelle"